



Kartskisse som viser strøket der turen foregikk

befale dette område på det varmeste. Men det er mulig det haster hvis en vil oppsøke det ukjente. Geografisk Oppmåling har allerede utgitt de tilstøtende kartbladene. Vevring og Førde, og Hyen-området står vel snart for tur. Om 2 år vil antagelig Hyen bli knyttet til riksveinettet, når veien Straume—Storebru blir fullført. Da kan man vel også vente en økende turiststrøm dit.

Fra sin tur til Ålfotbreen i 1885 har den kjente Norgesvenn og klatrer, Wm. C. Slingby, også gitt en beskrivelse fra dette område. Han sier bl.a. om Skjærdalsvannet: «The beauty of this lake and its varied surrounding will make it some day a favourite spot with those tourists who love the solitude of Nature».

Ennå er disse herligheter, og det uberørte område, til stede for dem som oppsøker ytre Nordfjord.

LEIF HALSE

## Sommardagar i Trollheimen

17. september 1959

Fire dagar er ikkje så lang tid, og likevel: Du opplever mykje på fire dagar — serleg om du går i fred og ro i fjellet og har tid til å sjå deg om og leva med i det som hender ikring deg. Inntrykka strøymmer inn på deg, og på fire slike fjelldagar opplever du så mykje, at du lett kunne fylle ei heil bok.

Denne gongen gjekk turen til austre Trollheimen. Her er lendet ulikt det du finn i den vestre delen av dette veldige fjellriket. Der vest er naturen brattare og villare med djupe dalar mellom hengbratte lier og nakne fjell — som kvasse bærer på eit storkna hav. Her aust er fjellhavet stillare — går i lange tunge dønningar før det fell til ro ned mot markaland og breie bygder.

Rødalen heiter eit dalføre i fjellet mellom Meldal og Rindal, og denne dalen eig mykje av det som sermerker den trøndske fjellverda. Her er ingen bratte flog og ingen kvasse nutar. Her er alle former avrunda og alle liner rolege. I lågaste lendet ligg eit stort vatn og kviler, og denne vide vassblanke flata samlar liksom alt det andre kring seg: myrane der starr og myrull bårar for vinden, og dei slake liene med bjørkeskog og vide grasglenner. Her oppe står gadden og spriker med nakne greiner. Underleg med desse utgamle trea uten bork og bar. Dei liksom står der og lever på trass av alle naturlover og løfter sine døde greiner opp mot lyset og sola. Gjennom kalde, stormande vinternetter trur dei på livet og vil vera med på det. Optimistar kallar vi med eit framandord slike

skapningar! Omkring Resdalen står fjella som vakt og vern. I aust det ruvande Resfjellet med sin trygge og runde nakke opp mot himmel og lette sommarskyer.

I gamle tider var det fastbuande folk i Røsdalen. Her i fjell og einsemd levde dei sitt sterke liv, og lengst inne i dalen ligg Vålåsgarden — ei heil grend gamle solbrune hus med grasgrodde torvtak — som eit minnesmerke om denne tida, som ein Maihaug i villmarka, som ein leivning frå svartedaude-tider og ei minning om eldgamle segner.

Seinare søkte bygdefolket til fjells til setring og markaslått. Her var gilde beiter og vidsløkte slætte, og no står tomme seterhus og nedgrodde markaløer att og fortel om hundreårs slit i fjellet i ei tid da seterdrift og markaforing var ein viktig del av det daglege brød for bygdefolket — om ei tid da meldalingar og rindalingar nytta ut dei herlegdommane som Resdalen eig i så rikt monn.

I dag går det brei bilveg heilt fram til Resvatnet, og dermed er ikkje dalen lenger det den var. Ei ny tid har vandra inn og sett sitt merke på øydemarka: Du møter folk alle stader, og hytter og naust veks opp som sopp om hausten. Det hamrar og bankar utover alle kveldar, og nede på Resvatnet går ein outboard (ein utburd burde det vel heite på godt norsk) og hamrar hol i fjellstilla og jagar fjellfreden unna!

Fire i følgje la vi ut på vandring frå Resdalen. Vi var tre ættled i laget, så alderen var svært ulik — frå ni år til sekstitre, og det er gammel-karen i laget som no fortel om fire festlege fjelldagar og fire farande fantar.

Med kurs for Raudfjellet og Rindhatten traskar vi frametter dei dryge Raudfjell-øyane. Her er vide vollar der graset veks tett og frodig, men ingen gjer seg nytte av det lenger. Det sjogar ikkje av kvassan ljå i doggblank morgon-økt, og det kling ikkje av bjøller i marka. Det einaste du møter er ein flokk sauer som ligg og ørtar i ein sval løeskugge og stirer med svarte augo ut over desse rike beitesmarker. Dei undrast gjerne på korleis dei skal vinne å gjera ende på alt graset. Du går framom ein nedlagt setervoll, der gardiner for glasa og antenne på takmønnet fortel at folk framleis har tilhald her ein og annan gongen.



*Berit og Anne peiler inn Trollheimsfjell i storkikkerten ved Gjevilvasshytta  
Foto: Henry Strand*

Det ber oppover. Lia er slakk, og det er lett å gå. Her veks bjørkeskogen i tette krullar, og ein einsleg gadd strekker sine nakne greiner over kjerr og lauvskog og fortel kven som er størst og eldst. Vi hoppar tørrskodd over Raudfjellbekken og nærmar oss fjellet. Skogen stikk ikkje så høgt til vers lenger. Det er låg fjellbjørk og tette vierkjerr som fylgjer oss på vår vandring opp mot ryer og snøfjell.

Stigen ligg der sterk og grei og fortel at her har mange føter tråkka og trødd. Augo går på leiting og møter haug bakom haug og rast bakom rast. Og best som du går, skin eit vatn imot deg og bed deg svinge unna. Det er Raudfjelltjønna, og bortafor tjønna skin det kvitt på skavlen i høgaste Rindhatten.

Tida blir til timar og økter medan vi traskar over nakne fjell mot Jøldalen. Her veks stutt fjellgras og mose i mange leter, det grånar på stein og kviter på snø, og fjellet ligg trygt under foten. Ein sval vind stryk deg over panna, kjem som ei helsing frå høg-fjell og vidder og gjer deg lett og glad. Det er stilt i fjellet. Ikkje ein fugl syng, ikkje eit dyr skrik. Det er berre dette veike sus av vinden som går over viddene — som eit andedrag frå skaparen sjø!

I kveldinga står vi høgt oppe i fjellbruna og ser ned i ein vid dal. Det blenker på eit vatn i dalbotnen. Det er Jølvatnet. På sørsida av vatnet grånar det i hus, og høgt over møne og tak lyser det på ein raud vimpel. Det er dit vi har tenkt oss for den dagen. Der er mat for svoltne munnar, og der er kvile for trøytte vandringsmenn! —

Skal du gå frå Jøldalshytta til Trollheimshytta i Folldalen, har du tre ruter å velge imellom: Du kan legge ruta over Trollhetta på nordre sida av Svartådalen, eller du kan gå over Geithetta på sørsida. Både desse rutene gir veldige utsyn over dalar og toppar, vatn og elvar i denne ville og vakre fjellheimen. Eller du kan gå gjennom den djupe og tronge Svartådalen og ingen ting sjå. Vi sette opp eit reknestykke der alder og levande-vekt gjekk inn som viktige faktorar og fann ut at turen over Geithetta passa oss best.

Jøldalen og Svartådalen går til endes med kvarandre, og er du ikkje lokalkjent, kan du vanskeleg finne ut kvar den eine dalen sluttar og den andre tar til. Snart tar det til å halle unna ned mot

eit trongt glepp mellom bratte fjellsider. Til høgre ser du det lange Langfjellet, og attafor der skal Trollhetta vera å finne. Til venstre mørknar det i Svarthetta, og lenger vest stangar Geithetta sin harde geiteskalle mot synsranda. Ei skrøpeleg klopp ber oss over Svartåa. Eit steinkast ovafor sjogar Svartåfossen gjennom eit djupt gjel. Så beinhogne står veggene i dette gjelet, at det er som fossen kjem brytande ut av svarte fjellet gjennom eit veldig dørhol. Frå elvedalen krokhar stigen seg opp ein bratt mæl, og framfor oss har vi lange og dryge motbakkar opp til toppen av Geithetta.

Langs tunet mot elvedalen ligg ei rad med graver — elleve i talet. No er dei halvt attgrodde, men ein gong atti tida var det annleis. Da låg dei der og venta på dyreflokkane som drog austover den slake fjellsida. På stupet mot elvedalen bøydde dyreflokkane av, og der låg dyregravene i rekke og rad og tok imot dem. No ligg desse gropene der og fortel turisten om fangstmåtar og veiding i eldgamle tider.

Det kan ikkje vera verdt å rekne etter kor mange timar vi bruka på den langdryge vandringa opp austskråninga av Geithetta. Når du endeleg står på toppen er all strev og møde glømt, for her har du eit rundsyn som du ikkje så fort blir ferdig med: I nord møter synet Trollhetta, som stikk opp i ei høgd av 1645 meter. Ho har tre toppar og er som trollet i eventyret med tre digre hovud på ein kropp, og i ei djup kløft mellom toppane ligg eit stort grønt troll-auge og stirer beint til vers og blunkar ikkje. I nordvest reiser Snota seg med blanke vatn ved foten og gammelsnø på sidene. Toppen går opp i ein rund kam med stupbratt fall mot sør og sørvest. Gråblå i leten står ho der og ser over hovuda på alle dei andre nebbene og toppane — ei dronning i stein, eit med og merke for dem som vandrar i denne delen av Trollheimen. Augo riv seg laus frå denne kalde og sterke steinnakken og møter nye toppar: Fruhetta, Rognnebb og Salen. Og sjå der kjem Neådalssnota kilande til vers i ei kvass egg. Men kan dette vera Neådalssnota? Sett frå vest er ho heilt annleis i formen. Men Neådalssnota er det. Det kan ikkje vera noko anna, og så får ein slå seg til ro med den gamle sanninga at alle ting har to sider, og at ranga er ikkje retta lik: Til venstre for Neådalssnota ruver Storfjellet, og beint i sør står

Blåhø og viser veg mot Gjevilvasstraktene og Oppdal. Mot aust står ingen høge hoppar og stenger for utsynet. Lendet fell og fell for augo dine — heilt ned i den djupe Svartådalen, der elva teiknar seg som ein sølvstreng, og lengst i aust blenker det i noko ørande lite — Jølvatnet! Det var der vi kom frå.

Nede mellom Geithetta og Snota ser du eit anna dalføre med elv og skog, med myrar og grasrike lier. Det er Folldalen. Ein stad der nede ligg Trollheimshytta og ventar på oss.

Det vart ein kviledag i Folldalen. Av ymse grunnar, som det heiter når ein ikkje vil ut med sanninga. Det vil seie: dei yngste i laget la i veg og skulle nå toppen av Snota, medan gammelkaren tok det med ro og tala med han Lars.

Han hørte visst hytta til, og gjekk og rukla kring veggene og hogg ved og sette i stand utgard og røykte på pipa. Og kom det ein turist-tarm slengande, og ville slå av ein prat, så gjekk ikkje han Lars tu vegen for det. Han hadde vons meir å seie tå, og som oftast runda han av forteljningane sine med ein karakteristikk. Slutta forteljninga i velstand og lykke, så sa han, at det var no ikkje så verst. Men gjekk det på larv, så slutta han med, at det var no ikkje noko vidar.

Han visste alt om Folldalen og fortalte om fredlause Gunnhildsøner og bautasteinen bortafor elva med innskrift «Den siste høilagte dalens høvding Eirik Eivindsens minde». Desse karane skulle ha mange etterkomarar. Ei kvinne av ætta heitte Fager-Brit, og ho var gift til Kroken i Rinndala, og det var no ikkje så verst. Men elles så var det vel tvilsamt om det nokon gong har vore Gunnhildsøner inni Folldala, og alt som er skrive om desse fredlausingane er vel berre skrøner, og det var no ikkje noko vidar.

Sikkert er det, at Folldalingen dei kalla flytta hit åt dala vårfrumessdagen i 1835 med hest og ku og kjerring og ungar. Det var skareføre, og da det leid frampå dagen, bløytne skaren, og kua gjekk igjennom. Men Folldalingen visste råd: Han sette tryger på hesten og slo kua på sleden og kom seg fram slik, og det var no ikkje så verst! Folldalingen var eit ukjø og ein korp til å stela. Han herja i markaløene og braut seg inn på setrene og stal, og tilslutt så kom han på tukthuset, og det var no ikkje noko vidar!

Om fisket i Folla kunne Lars fortelle, at den tida *han* var gjærtargut i Folldala, da kunne han gå austi elva og dra opp ein tretti-forti fisk berre på ei kveldsstund, og det var no ikkje så verst! Men no er det svart for fisk i elva, og det er villminken som har skulda. Det har rømt mink frå ein minkgard nedi Surndala, og desse rømlingane har truleg sett til fjells. Minken er hardfør og økslar seg fort og kan ødelegge alle fiskevoner i Folldala og vidare ikring. Snodig var det, at ein minkfarmar for og leita etter nokre dyr som hadde rømt og fann att ein mink oppi senga si, og det var no ikkje noko vidar!

Fjerde dagen rann med silregn og skodde i fjella. Men vi skulle vidare, pakka sekkene og sa farvel til folk og hytte. Vi la vegen gjennom Svartådalen, traska i myr og grasmark og kleiv i bratte skålier. Skodda låg som eit loft over den tronge dalen, det var som å gå i ein kjellar. Snart møtte vi Svartåa. Ho gjekk i sterk strukku nedi den tronge dalbotnen, song opp og var frisk i målet. Men ho skulle ein annan veg enn vi — vestover og til møtes med Folla.

Vi gjekk under den stupbratte Geithetta. Vi kunne ikkje sjå ho, men vi visste at ho var ein stad der høgt oppe i skodda og silregnet, og vi sabba og gjekk under det låge skoddetaket og vart våtare og våtare for kvar tid. —

Dalen vart romslegare, og det vart plass til ein smal voll langs elva. Her vaks turten tett og mannshøg — og full av væte. Det synte ikkje stig eller veg gjennom turtåkeren. Det var berre å legge på svøm og kjenne korleis væta seig gjennom alle klede, inn på holdet og ned i støvlane. Du kom til å tenke på at turt var rekna for bjønnmat i gamle dagar, og kanskje gjekk du deg beint på ein bjønn før du visste ordet av det!

Klokka var ikkje meir enn to da vi nådde Jøldalen. Der bytte vi av oss det som var mest vått — fekk tørt på føtene og varmt i skrotten. Ut gjennom Svartådalen hadde skodda letta, og eit lite augblekk skein sola over Geithetta og Svarthetta. Livsmotet steig, og kvafor ikkje nytte resten av dagen, drive på og gjera turen til Resdalen no, når vi *var* i farten!

På høgste fjellet mellom Jøldalen og Resdalen kom skodda att. Ho kom drivande mot oss, tett og innpåsittande. Vi gjekk som i



ein grå røyk og såg mindre enn femti meter ikring oss. Det er nifst å vandre i skodda. Lendet omkring deg blir som omskapt, og alle slags tankar melder seg. Du minnest forteljingar om folk som har gått i ring i skodda og kome tilbake til same staden gong på gong. Men det skal ikkje hende oss. Vi går etter kompass, og kompassnåla går ikkje i ring! Men hyggeleg er det ikkje å traske i våte skoddefjell og ikkje kjenne seg att nokon stad. Eit stort dyr står stille borte på ein bakketopp — og der er to til. Dei er store som hestar, men har ikkje hesteskapnad. Kva kan det vera? Du gjettar på oksar og moskus, men får det ikkje til å stemme. Du når fram til udyra, og så er det nokre fredelege sauer som står der blikkstilte og stirer på deg med svarte, utrygge augo. Det ringlar kvast i ei bjølle i det same dei kastar seg rundt og rømer, og du hører ringlet av bjølla ei god stund etter at sauene er borte i skodda.

Ei bratt kløft opnar seg framfor føtene dine, og du kliv ned. Her er nakne, våte svaberg, og steinar lausnar unna føtene og rullar nedover, og kvar blir det av dem? Her veks ikkje gras, berre litt irrgrøn mose kløner seg fast i ly av ein bergnabbe og står der og syg væte.

Ei snøfonn borte i ein kvelv verkar eventyrleg stor der ho stikk seg inn i skodda og gjømmar seg. Kva er vel dette for eit landskap? Du veit snart ikkje kva du skal tru.

Så er du nede på flat mark, der noko underleg og uroleg skin inne i skodda. Det er eit vatn. Du ser det ikkje før du står i strandkanten der småbårene leikar kring landtorva. Kartet og kompasset fortel at det er Langtjønna vi har gått oss på. Vi er på rett veg, og no er der berre å kløfte vidare!

Nede i liene lettar skodda. Augo finn att kjente vatn og åsar og fjell, og du kjenner deg heilt trygg. Sjå der er Raudfjelltjønna, og langt i nord lyser det på Resvatnet! I lia under Resfjellet står ei hytte, og vi veit at vi er velkomne dit.

GUNNAR HAUGAN

Tegning:  
FINN WALTHER

## Jensens huskeliste

Når jeg av og til i fjellet treffer unge damer, kanskje danske, kanskje engelske, kan jeg med forbløffet interesse studere hvordan de er utstyrt — ikke bare fra naturens side. De går i sandaler, shorts og litt til, og bærer en ørliten skreppe som såvidt rommer to påsmurte kjeks i tilfelle overnatting ute.

Slike møter bringer alltid Jensens huskeliste i tankene. Hvem denne omtensomme herre Jensen enn kunne være, har han i sin oversikt over hva en fjelltraskers ryggsekk bør romme, tenkt på alle muligheter — bortsett fra sammenstøt med ville elefanter. Ingen er som kjent fullkommen.

Tusener av oss har grunn til å minnes Jensen med takknemlighet. Vi pakker sekken, mens vi nynnende lar fantasien fable om de forestående streiftog inn over alle heier. Vi snører den sammen, drar alle remmer godt til, og overfalles av en fryktelig tvil: La vi ned det lange undertøyet, eller gjorde vi det ikke? Så er det bare å gjøre alt sammen om igjen.

Å, om vi bare hadde krysset av etter hvert på Jensens huskeliste! Den er like lang som ermene på en norsk herreskjorte, men den kan ikke unnværes.

Hvordan skulle vi for eksempel klare oss uten en lysestump, som Jensen minner oss om? Den kan i nødsfall brukes som skismøring om det kniper eller snarere kladder. Det blir da å seile på stumpene, om De skjønner hva jeg mener.